



Trafikksituasjonen på busslomma ved skulen vert ein del av diskusjonen.

Uskedal Utvikling arrangerte i byrjinga av april eit ope møte om trafikksikring i bygda. Det var stort oppmøte, godt engasjement og det kom fram gode innspel frå dei frammøtte. Onsdag 10.juni vert dette fylgt opp med oppsummeringsmøte på Stemneplassen kl.19.

I tillegg til at det vert oppsummering etter det forrige møtet, skal det også leggjast plan/strategi for det vidare arbeidet med trafikksikring i Uskedalen. Derfor ønskjer Uskedal Utvikling at alle tar drøfting av det som vart snakka om sist i sine grupper. Dei vert også bedne om å prioritera tiltak.

Møte er ope for alle, og det er viktig at alle meiningar kjem fram slik at resultatet kan verta best mogeleg. **Alle brukarar er viktige i ein slik diskusjon, og skule/barnehage, FAU, Kornes Vel, Skårhaug Vel, TIDE-yrkessjåførane, dei som bur langs vegen og dei som driv næring langs vegen** vert nemnde som svært aktuelle partar i diskusjonen.

Svært aktuelle punkt i diskusjonen er:

- Fartsdempande tiltak i sentrum.
- Over-/undergang ved Korsnes samt forlenging av gang- og sykkelveg.
- Kjærlandssio: utkøyrsløse på fylkesvegen.
- Veglyst på Kjærlandssio til Gardsbarnehagen.
- Smalare bruer v/montering av nytt rekkverk.
- Gang- og sykkelveg til Steinsletto.
- Parkering i sentrum og ved skulen.
- Busslomma, av- og påstigning ved Uskedal skule.
- Gamle skuleplassen: Parkering, torg og tilkomst til camping/kyrkja

Det er eit viktig møte som fortener godt frammøte. Vi understrekar at det er på Stemneplassen, då Gamleskulen er utleigd, onsdag 10.juni kl. 19.00.



Undergong ved Korsnes vert eit tema på møtet

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen